



dagen derpå på Dønhaug. Frå venstre Åsmund Lilleaas, Yngve Kannelønning, Justyna Janiszewska, Robert Koczykiewicz og Magne Huglen

**Alle som har hatt med Festidalen å gjera er like blide og smilar frå øre til øre etter suksessen. Det gjeld anten dei er arrangørar eller publikum. Ikkje ein einaste kritisk eller negativ kommentar er registrert og det riggansvarleg Yngve Kannelønning seier får tilsluning av andre: - Hvis eg vart spurd om å satsa att imorgon, sa eg ja.**

Då uskedalen.no var innom i føremiddag var det avslappa ro som prega Dønhaug og det einaste som ikkje var i rute var at grunneigar Magne Huglen hadde mista røysta. Kannelønning konstaterte at halve nedriggingsjobben var klar allereie klokka 03 om natta og han lova at resten ville vera gjort før klokka 17.

Grunneigaren hadde for sin dell slett ikkje fått garden i rasert, i alle fall ikkje meir enn han hadde kalkulert med, Han er i startgropa for neste konsert som avviklast i kjedlaren torsdag. Då kjem Andrea Rice med mann, dotter og fleire musikarar med irsk herkomst og eit program som vi truleg aldri trøttnar på.

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen



Nedrigging foran planen i føremiddag